



Astrid Bragstad
Skarsvegen 334 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2229 - 19/1047

Saksbehandlar:
Leif Bjørnar Hopland
leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:
10.01.2019

Referat møte i samarbeidsutvalet ved Alversund skule

Tid og stad: Alversund skule onsdag 9. januar 2019 kl. 18.00-19.00.

Til stades: Arve Bjunes – lærarrepresentant
Dorthe Remme – representant andre tilsette
Liam Sande – elevrådsrepresentant
Ciljan Lieske-Grindheim – elevrådsrepresentant
Astrid Bragstad – FAU representant
Erlend Nævdal – FAU representant
Monica Svarstad – inspektør
Leif Bjørnar Hopland – rektor

Fråfall: Astrid Rongevær – politisk representant

Til orientering:

Rektor Leif Bjørnar Hopland skal slutta i stillinga og skal over i rådgjevarstilling stab oppvekst frå 1.februar. Monica Svarstad var med på møte og vil vera konstituert rektor i overgangsperioden fram til ny rektor er på plass.

Sak 10-18/19 **Godkjenning av møteinnkalling**
Referat godkjent. Endring sak 14 til også å omhandla nasjonale prøvar.

Sak 11-18/19 **Ny skule. Oppdatering på arbeidet.**
Spilehimling blir ikkje dekkja av klimamidler, slik ein opprinneleg hadde rekna med. Vurderer å erstatta stålokonstuksjonar i hall med tre. Utfordring blir spennet, og det kan bli behov for søyler på tribunen. Dette er i utgangspunktet ikkje sett på som ei god løysing.

Sak 12-18/19 **Økonomi**
Reknskap etter endt budsjettår 2018 vil gå i balanse.

Sak 13-18/19 **Canvas** – ny læringsplattform
Orientering i møte om læringsplattforma og bruk av denne.

Sak 14-18/18 **Fagfornyninga og nasjonale prøvar**



Gjennomgang av hovudresultat av nasjonale prøvar 5. trinn. Kvifor har me dei? Kva viser dei av resultat? Nasjonale prøver viser elevane si meistring i å finna, reflektera og tolka tekstar i faget engelsk og dugleikane rekning og lesing. I møte relaterte ein dette arbeidet til innføringa av nye læreplanar(fagfornyninga) som no startar opp og fokus på dybdelæring. Implementeringa vil skje framover våren og heile neste skuleår. I møte drøfta ein og utfordringar med bruk av dei tradisjonelle lærebøkene der det ofte er utfordrande å finna tekstar som er kvalitativt gode for det som elevane skal læra.

Sak 15-18/19 **FAU – orientering**

Orientering om saker frå førre FAU-møte. Monica Svarstad blir og med på neste FAU-møte i tillegg til Leif. Ønskjer då å orientera FAU om nasjonale prøver sett opp mot fagfornyninga og kva elevane treng av kompetanse i framtida. Monica og Leif har møte med FAU si psykososiale gruppe i forkant av ordinært møte for å komme i dialog om ulike tiltak og prioriteringar.

Sak 16-18/19 **Elevrådet**

Orientering om oppstart og saker frå elevrådet. SU ber elevrådet om å særleg arbeida med å gå gjennom elevundersøkinga for mellomtrinnet for å høyra deira synspunkt på saka.

Sak 17-18/19 **Eventuelt**

Ingen saker meldt inn.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arve Bjunes - lærarrepresentant,
Astrid Bragstad, Ciljan Lieske-
Grindheim - elevrådsrepresentant,
Dorthe Remme - representant
andre tilsette, Erlend Nævdal, Liam
Sande - elevrådsrepresentant,
Monica Alice Svarstad
Astrid Bragstad
Ciljan Lieske-Grindheim -
elevrådsrepresentant
Dorthe Remme - representant
andre tilsette
Erlend Nævdal
Liam Sande - elevrådsrepresentant
Monica Alice Svarstad

Skarsvegen 334 A 5911

ALVERSUND

Nedre Alver 17 5911

ALVERSUND

Alversund skule